

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

16.10.2012

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmann

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

tirsdag, den 23. oktober 2012 kl. 14.00 i Formannskapsalen

SAKLISTE:

- Sak 37/12 - Godkjenning av møtebok frå møte 9. oktober 2012
- « 38/12 - Derivatkontraktar mellom Sykkylven kommune og Nordea Bank ASA
- « 39/12 - Tertialrapport 2. tertial 2012 – Sykkylven kommune

Eventuelt

Det blir teke sikte på ettersending av dokument i sak 38/12.

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Odd Jostein Drotninghaug
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 09.10.2012, kl.14.00

Møtestad: Formannskapsalen

Møtet vart leia av: Odd Jostein Drotninghaug

Elles tilstades:

Sigmund Valbø, Grethe Melseth og Ole Bjørn Roald

Anita Søvik hadde meldt forfall

= 4 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen.
Frå Sykkylven kommune møtte økonomisjef Arild Bergstrøm i sak 34/12 og 35/12.

Det vart meldt inn tre saker under eventuelt.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 30/12

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 05.07.2012

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 5. juli 2012 blir godkjent.

SAK 31/12

**TILTAK I STRANDSONA PÅ SÆTRE I SYKKYLVEN KOMMUNE - KOMMUNAL
SAKSBEHANDLING**

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 03.10.2012

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

1. Kommunestyret vil uttrykke uro over mangelfull oppfølging når det gjeld søknadspliktige tiltak i Sykkylven kommune
2. Kommunestyret ber rådmannen sørge for at den nemnde aktiviteten i strandsona på Sætre, som er tema i kontrollutvalsak 31/12, blir behandla som tiltak som krev søknad og løyve.
3. Rådmannen blir bedt om å gjere greie for korleis rutinane på dette området skal betrast i samsvar med føresetnadane i Plan- og bygningslova.

SAK 32/12

VEDKOMANDE BUDSJETT 2013 – SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 03.10.2012

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Budsjettet for kontrollutvalet sin opplærings- og reiseaktivitet blir sett til 50.000 kroner.

SAK 33/12

DRØFTING AV FORVALTNINGSREVISJON

Fleire tema vart nemnt mellom anna kommunen si handtering av bygningslova og sosialomsorgslova. Det vart vist til spørreskjema som var sendt ut til hjelp i arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet avventar eit forslag til plan for forvaltningsrevisjon.

SAK 34/12

OM NU-SAK 44/12 - OPPARBEIDING AV LEIKEPlass I KYRKJEPARKEN

(Saka kom opp under eventuelt)

I punkt 2 i vedtaket står: « NU ber administrasjonen arbeide vidare med finansieringa, men godkjenner at ev. restbeløp vert finansiert via investeringsmidlane, post for plan/sentrum/busslomme».

I drøftingane i kontrollutvalet sitt møte kom det fram at NU ikkje har fullmakt til å gjere ei slik endring i investeringsbudsjettet då investeringsbudsjettet sine rammer ligg til kommunestyret å bestemme. Økonomisjef Arild Bergstrøm som var tilstades under denne saka, slutta seg til denne vurderinga.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber om at saka blir sendt over til kommunestyret.

SAK 35/12

EI OPPDATERT ORIENTERING OM SWAPSJONANE I SYKKYLVEN KOMMUNE

(Saka kom opp under eventuelt)

Temaet var tidlegare drøfta i sak 29/12.

Økonomisjef Bergstrøm orienterte om at det i rekneskapen for 2012 kunne bli ein svikt i høve budsjettet - knytt til ein swapsjon - på mellom 5 og 6 mill. kroner.

Når det gjeld avtalane mellom Nordea og kommunen og Nordea sitt ansvar overfor kommunen knytt til rettleiing ved slike avtalar opplyste Bergstrøm at ansvarssaka var stilt i bero frå kommunen si side.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalsekretariatet blir bedt om til neste møte å legge fram ei vurdering av krav om ansvar overfor Nordea.

SAK 36/12

MØTEPLAN UT ÅRET 2012 OG MOTTAK AV KOMMUNALE SAKSDOKUMENT

(Saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet har planlagt desse møtedatoane for det som står igjen av 2012:
23. oktober og 22. november.

Det blir også presisert at alle kontrollutvalmedlemmane må få tilsendt kommunale sakspapir på e-post.

Odd Jostein Drotninghaug
leiar
(sign.)

Sigmund Valbø
nestleiar
(sign.)

Grethe Melseth
medlem
(sign.)

Ole Bjørn Roald
medlem
(sign.)

SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 19.10.2012

SAK 39/12
BUDSJETTKONTROLL 2. TERTIAL 2012

Som vedlegg følger:

- Rekneskapsrapport og prognose etter 2. tertial 2012

Det går fram av budsjettforskriftene at:

«Administrasjonssjefen, eventuelt kommune- eller fylkesrådet, skal gjennom budsjettåret legge fram rapporter for kommunestyret eller fylkestinget som viser utviklingen i inntekter og innbetalinger og utgifter og utbetalinger i henhold til det vedtatte årsbudsjett. Dersom administrasjonssjefen eller kommune- eller fylkesrådet finner rimelig grunn til å anta at det kan oppstå nevneverdige avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportene til kommunestyret eller fylkestinget foreslås nødvendige tiltak»

Av kommentarane til § 10 går det fram at det skal skje rapportering til kommunestyret om den faktiske utviklinga i inntekter og utgifter sett i forhold til dei inntektene og utgiftene som er ført opp i årsbudsjettet. Rapporteringa skal skje med jamne mellomrom og minimum to gongar i året. Ved tilstrekkelege avvik skal det settast i verk tiltak. Med tiltak blir det meint ikkje berre justeringar av dei oppførte inntektene og løyvingane som er nødvendige for å sikre/oppretthalde kravet om balanse i årsbudsjettet, men også mulige tiltak innanfor budsjettammene som t.d. å endre innhald i det kommunale tenestetilbodet.

I rapporten er det nemnt tre store usikre faktorar:

- Pensjonsoppgjer/premieavvik
- Refusjon for særleg ressurskrevjande brukarar
- Utviklinga i finansielle instrument

Eit negativt avvik i forhold til budsjettet når det gjeld finansielle instrument er på 5.834.679 kroner. Slik eg har forstått det blir resultatet på dette området først bokført pr. 31.12.2012.

Det blir ikkje lagt opp til ei nærare drøfting av saka her. Derimot er rådmannen invitert til å gi ei orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar



Dato: 20.09.2012
Arkivref: 2012/934-8831/2012

Saksbeh.: Arild Bergström

Saksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet Kommunestyret	

Rekneskapsrapport og prognose etter 2. tertial 2012

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Rekneskapsrapport per 2. tertial 2012 og prognose for året vert teken til orientering.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det vert synt til budsjettvedtaket for år 2012, K-sak 80/11

13. Kommunestyret vert informert tertialvis i høve til møteplan

Rapport etter 1. tertial vart lagt fram for kommunestyret som sak 58/12.

Det vart gjort slikt vedtak:

Rekneskapsrapport per 1. tertial 2012 og prognose for året vert teken til orientering.

Saksopplysning

Fylkesmannen i Møre og Romsdal godkjenner budsjettet for år 2012 i juni i år. Melding er sendt kommunestyret.

Sykkylven har eit særst dårlig utgangspunkt i høve til andre kommunar:

Dei fattigaste kommunane i landet:

KOMMUNE	INNETEKTER
Stokke	92
Tvedestrand	92
Mandal	92
Hå	92
Askøy	92
Eid	92
Volda	92
Ørsta	92
Vestnes	92
Malvik	92
Stjørdal	92
Nannestad	91
Lyngdal	91
Hareid	91
Sykkylven	91

Tabellen viser korrigerede inntekter pr innbyggjar i prosent av landsgjennomsnittet (=100)

Kjelde: Kommunal rapport.

Tabellen fortel i grunnen at der gjennomsnittskommunen har 1 krone til disposisjon, har Sykkylven kommune 91 øre til disposisjon.

Einingane har tilgang til ferdiglaga rapportar som per art, summert på ansvar og eining, syner:

- Forbruk per utgangen av august
- Revidert budsjett
- Restbudsjett
- Forbruk i prosent

I tillegg har einingane tilgang til rapportar som i sanntid syner kva som er rekneskapsført, dvs per dato.

Ut frå dette har einingane laga prognose som syner forventata resultat på årsbasis.

Rådmannens rapport til formannskapet bygg på einingsleiarane sine prognosar. Slik må det vere, det er i einingane ein har føresetnad for å prognostisere drifta for resten av året.

Kontrollutvalet har bede om at rekneskapsrapportane vert sett opp etter same mal som budsjettet.

Dette har vi freista tilfredsstillende ved at desse rapportane vert lagt fram:

Budsjettskjema 1 A Sentrale utgifts- og inntektspostar (Kommunestyrets einekompetanse)
 Budsjettskjema 1 B Fordeling av sum fordelt til drift på einingar
 Investeringsoversikt Oversikt over utgifter og budsjett vedkomande investeringar

Investeringsbudsjettet:

PROSJEKT	REKNESKAP	REV. BUDSJETT	RESTBUDSJ	FORBR. I %
Sørestranda skule	2 858 188	14 109 000	11 250 812	20,26 %
Ny sentrumsskule	260 770	300 000	39 230	86,92 %
Vikedalen barnehage	60 750	61 000	250	99,59 %
Haugsetvegen	968 595	1 000 000	31 405	96,86 %
Veg Meieridalen	26 250	500 000	473 750	5,25 %
Støyskjerm Tregardane	25 956	650 000	624 044	3,99 %
GIS-løysing, Innsynsmodul		400 000	400 000	0,00 %
Trafikktrygging	186 029	1 000 000	813 971	18,60 %
Sykkylven kulturhus	185 302	500 000	314 698	37,06 %
Ombygging Buas	185 014	1 309 000	1 123 986	14,13 %
Tandstad skule, planlegging		500 000	500 000	0,00 %
Ikkje-fordelte investeringsmidlar		1 463 500	1 463 500	0,00 %
IKT-grunnskulen	158 563	500 000	341 437	31,71 %
Sams IKT-investering	1 298 059	2 000 000	701 941	64,90 %
Planlegg. Sentrum/busslomme	718 994	1 300 000	581 006	55,31 %
Vegnamnskilt, adresseringsprosj	124 826	350 000	225 174	35,66 %
Arbeidsbilar, 2 stk	459 018	400 000	-59 018	114,75 %
Aure gamle bru	126 300	2 500 000	2 373 700	5,05 %
Grebstadvegen	73 580	1 500 000	1 426 420	4,91 %
Sambindingsveg Storgata		200 000	200 000	0,00 %
Større rep vegar/overflatevatn	676 100	0	-676 100	
Kommunale vegar, asfalt	691 751	1 500 000	808 249	46,12 %
Komm bygg, HMS-tiltak		900 000	900 000	0,00 %
Aure skule, etterklang osb		240 000	240 000	0,00 %
Ullavik skule, fuging		90 000	90 000	0,00 %
Buas, snøfangarar og tak		120 000	120 000	0,00 %
Sykkylven symjehall		100 000	100 000	0,00 %
Rådhus, rehab kontor	57 205	80 000	22 796	71,51 %
Rådhus, fasade		500 000	500 000	0,00 %
Velledalen grendahus, avløp	40 410	300 000	259 590	13,47 %
Tandstad skule, uteområde	50 000	300 000	250 000	16,67 %
Ungdomsskulen, uteområde	69 410	1 500 000	1 430 590	4,63 %
Brannstasjon	47 000	400 000	353 000	11,75 %
Utstyr brannvernet	22 343	200 000	177 658	11,17 %
Vik barnehage, vognskur		240 000	240 000	0,00 %
Vik skule, støydemping	136 960	110 000	-26 960	124,51 %
Kostnader «Dagmar»		100 000	100 000	0,00 %

PROSJEKT	REKNESKAP	REV. BUDSJETT	RESTBUDSJ	FORBR. I %
Bustadområde	144 079	0	-144 079	
Sal av Velledalen skule	-46 157	0	46 157	
Haugneset	420 011	650 000	229 989	64,62 %
Overåneset		200 000	200 000	0,00 %
Fasteindalen	345 245	400 000	54 755	86,31 %
Skiløype Fjellsetra	6 183		-6 183	
Ny kino		3 000 000	3 000 000	0,00 %
Kyrkja	300 000	300 000	0	100,00 %
Lån til vidareutlån		2 890 000	2 890 000	0,00 %
Eigenkapitalinnsko KLP	170 300		-170 300	
Sum	10 847 032	44 662 500	33 815 468	24,29 %

Etter det rådmannen har fått opplyst, reknar teknisk med å halde investeringsprogrammet.

For eitt prosjekt er det synt monaleg meirforbruk:

PROSJEKT	REKNESKAP 31.08.12	BUDSJETT
Bustadområde	144 079	0

Det vil her kome budsjettjustering.

Driftsbudsjettet:

Her vert det synt til eige oppsett av budsjettskjema nr 1A og 1B.

Note 1 Skatt

Rundeskjemaet per august syner ein mindreinngang på årsbasis på kr 587 000. Dette er lagt til grunn.

Note 2 Rammetilskot

Rundeskjemaet per august syner ein meirinngang på årsbasis på kr 846 000. Dette er lagt til grunn.

Note 3 Andre generelle statstilskot

Sykkylven kommune har fått godkjent rentekompensasjon for om lag kr 20 000 000 i lån vedkomande Sørestranda skule. Revidert rekneskap er sendt inn. Vi får likevel ikkje utbetalt midlar i år grunna at Husbanken si ramme er brukt opp, slik at vi vil først få midlar i år 2013. Dette er bakgrunnen for at svikt kr 437 000 er lagt inn.

Det er lagt inn kr 473 000 i auka tilskot vedkomande flyktningar. Denne dekkjer overskriding innan flyktningtenester. Sjå meir under Barne- og familietenestene

Ansvar	Sum
Rentekompensasjon Sørestranda	-437 000
Statstilskot flyktningar	473 000
Sum melrinntekt	36 000

Note 4 Utbytte frå Sykkylven Energi AS

Generalforsamlinga vedtok eit utbytte som var kr 2 070 000 høgare enn lagt inn i budsjettet. Pengane er mottekne.

Note 5 Finansielle instrument

Nedanfor er synt negative verdiar for Renteswap kr 180 000 000 og Swapsjon kr 73 000 000:

SWAP/SWAPSJON	HOVUDSTOL	VERDIAR PER MÅLEPUNKT		
		31.12.2011	30.04.2012	31.08.2012
Renteswap	180 000 000	-20 263 415	-23 298 470	-26 663 673
Swapsjon	73 000 000	-6 786 120	-7 821 066	-9 255 628

Dette gir slike endringar:

SWAP/SWAPSJON	HOVUDSTOL	ENDR FRÅ FØRRE TERT	ENDR FRÅ FØRRE TERT	ENDR HITTIL
Renteswap	180 000 000	-3 035 055	-3 365 203	-6 400 258
Swapsjon	73 000 000	-1 034 946	-1 434 562	-2 469 508

Når det gjeld Renteswap kr 180 000 000 så skal desse endringane noteførast i rekneskapen. Ikkje resultatførast. For denne skal inntektsførast lineært over 8 år kr 2 614 029 kvart år, same korleis utviklinga i negativ marknadsverdi er. Endringa i negativ marknadsverdi syner dermed berre kor «god eller dårleg» denne er, målt til skilnaden mellom marknads forventning om renteutviklinga frametter.

For å syne skilnaden mellom desse to produkta er noteringar vedkomande Renteswap synt med gjennomstreka skrift.

Når det gjeld Swapsjon kr 73 000 000 så skal endring i negativ marknadsverdi resultatførast.

Skiljet mellom budsjettert resultat per 31.12.12 og avlesen marknadsverdi 31.08.12:

	BUDSJETT	AVLESING	SKILNAD
Swapsjon	3 365 171	-2 469 508	-5 834 679

For Swapsjonen:

Om resultatet per 31. august også er det same per 31.12.12 skal kr 2 469 508 bokførast som tap på finansielle instrument. Det var budsjettert med ein vinst på kr 3 365 171. Samla tap vert i så fall kr 5 834 679.

Det er no eit pågåande arbeid i regi av Institutt for God Kommunal Rekneskapskikk (GKRS) der Telemarkforskning er bedden om ei vurdering av korleis slike produkt rekneskapsmessig skal behandlast. Endar dette arbeidet på same resultatet som kommunen har lagt til grunn i rekneskapane for år 2010 og 2011, skal dette utgiftsførast.

Ein vil syne til kommentarane til siste tertialrapport:


«Negative marknadsverdiar er flyktige, mykje kan endre seg på kort tid. Situasjonen i verdsøkonomien, spesielt i middelhavslanda vil kraftig påverke verdiane.

Spørsmålet er om dette skal førast som tap no, eller om ein skal avvente inntil tala er kjende per 31.12.12. Viss ein utgiftsfører no, vil ein måtte sette i verk tiltak som kanskje syner seg ikkje naudsynte at ein sette i verk når tala per 31.12.12 er kjende.

Rådmannen vil syne til år 2011. Negative verdiar per 31.12.10 var 11,23 mill kroner. Ved framlegging av prognose per første tertial 2011 var dei om lag 5 mill kroner. 31.12.11 var dei negative verdiane kr 27,7 mill kroner. Hadde ein inntektført kr 6,23 mill ved utgangen av første tertial, ville dette mest truleg ha medført disponering av midlane, og ei utgiftsføring i desember på kr 22 693 379. Då rapporten etter 2. tertial vart lagt fram, var dei i kommunestyret ein debatt om ein burde ha utgiftført kjend negativ verdi per 2. tertial. Det vart fremja forslag om å forkaste rapporten og be om ny rapport der auke i negativ marknadsverdi var utgiftsført. Forslaget vart trekt.

Etter ei samla vurdering finn rådmannen å ikkje utgiftsføre tap no, men berre vise til at her er eit mogleg tap, og at dette må takast med i vurderingane dersom det kjem forslag om å styrke budsjetta til einingane med finansiering frå sentrale reservar».

Marknadens vurdering av Swaprente fram i tid (Avlest 13. september 2012)



Note 6 Kommunestyret

Det er lagt inn ein svikt på kr 38 000 grunna høgare utgifter enn budsjettert vedkomande revisjonen.

Note 7 Finanslering

Det er framleis ikkjedisponerte løyvingar. Dette er slike:

RESERVE TE LØYVINGAR	SUM
Reserverte løyvingar kommunestyret	2 749 400
Reservert til lønnsauke	7 078 200
Sum	9 827 600

Reserverte løyvingar kommunestyret er i prognosa føresett nytta til å dekke overskridingar vi ikkje kan kome utanom, dvs ikkje til nye løyvingar.

Nytt lønnsregulativ er nytta i einingane sine utrekningar for prognose ut året. Lønnsoppgjeret fekk effekt per 6. juni. Den delen som er tiltenkt desse sentrale justeringane er derfor lagt inn som innsparing her, ettersom dei er med i einingane sine prognosar.

Det er halde att tilsaman kr 2,6 mill kroner til lønn inkl. sosiale utgifter til justeringsoppgjeret per 1. august i år. Tingane om dette skal starte no snart.

Nytt regulativ vart lagt inn frå september og etterbetaling gjort. Vi klarer ikkje no å rekne ut konsekvensen av lønnsoppgjeret for den einkilde eining. Hadde partane i arbeidslivet kome fram til nytt regulativ utan streik, ville vi kunna lagt inn ny lønn og etterbetaling tidlegare. Vi seier oss lei for at dette ikkje let seg gjere, konsekvensen er at i denne rapporten kjem både reelle overskridingar og ny lønn fram som overskridingar på den einkilde eininga.

EININGSBUDSJETTA

Note nr 8 Vikedalen barnehage

Eininga har prognostisert eit mindreforbruk på kr 80 000.

Einingsleiar har gitt slike kommentarar:

Det ser pr i dag it til å ligge an til eit mindreforbruk på 80.000 kr. i høve til budsjett. Dette syner tala etter at dei er vurderte og justerte både i høve til inntekter og utgifter. Når det gjeld vikarutgiftene så er dette eit estimat etter beste evne, men det er vanskeleg å kunne forutsjå korleis dette vil utvikle seg framover til nyttår.

Note nr 9 Vik barnehage

Eininga har prognostisert eit mindreforbruk på kr 399 000.

Einingsleiar har gitt slike kommentarar:

Etter gjennomgang av rekneskapsrapport og prognose fikk eg eit mindreforbruk på kr. 399 000,-. Dette pga. at Avd. Speidarbo blei lagt ned frå 01.08.2012.

Note nr 10 Tandstad barnehage

Einingsleiar har prognostisert eit meirforbruk på kr 50 000

Einingsleiar har gitt slike kommentarar:

Prognosen viser at Tandstad barnehage vil ha eit meirforbruk på ca. kr.50 000,-. Årsaka til meirforbruket er vikarutgifter. Eg har prøvd og stipulere vikarutgiftene resten av året, noko som er svært vanskeleg. Det kan slå ut begge vegar.

Note nr 11 Blakstad barnehage

Eininga har prognostisert å halde budsjettet.

Einingsleiar har gitt slike kommentarar:

Det ser ut ifrå rekneskapsrapporten at Blakstad barnehage har eit meirforbruk på løn på over kr.300 000, dette skuldast at ei 100 % vikarstilling har blitt ført på fastløn, dette vil vi få att på refusjonar.

I tillegg vil vi få store sjukelønsrefusjonar, og det ser ut til at vi går i balanse med budsjettet for 2012. Det er lagt inn forventa refusjonar i budsjettet.

Note nr 12 Ullavik barnehage

Eininga har prognostisert eit meirforbruk på kr 180 000

Einingsleiar har gitt slike kommentarar:

Avviket skuldast i hovudsak faste lønskostnader, som det er vanskeleg å gjere noko med. Når det gjeld dei andre postane, vil eg etter beste evne halde meg innanfor den tildelte ramma.

Note nr 13 Private barnehagar

Eining har prognostisert å halde drifta innanfor budsjettet, i medhald av tilleggsøyving.

Rådgjevar barnehage har gitt slike kommentarar:

For ikkje kommunale barnehagar /tilskot til drift og kapitaltilskot, er ramma for 2012 kr 23 544 480 . som vist til i k-sak 26/12, er det med etterbetalingar og justeringar for 2011 og 2012 ein kostnad på kr 23 984 447 i tilskot til ikkje kommunale barnehagar. Meirkostanden kr 399 647, må dekkjast over ordinær drift av barnehagar, jf innsparing ved VIK barnehage for 5/12 av årsdrift for Speidarbo.

Velledalen barnehage har krav på tilskot for nye plassar frå august 2012. Dette skal handsamast i k-styret måndag. Denne kostnaden er foreslått dekt (390 000 kr) frå reserverte løyvingar.

Note nr 14 Administrasjon barnehagar

Eininga har prognostisert ei innsparing på kr 150 000.

Rådgjevar barnehage har gitt slike kommentarar:

Rekneskap for ansvara 2000-administrasjon barnehagar, 2001-styrka tilbod barnehage og 2002-spesialpedagogikk barnehage viser at budsjett for 2012 vil bli halde innanfor gjeven ramme.

I ramma for administrasjon, er det viktig å halde prosjekt 17000 utanfor, då det er ein konferanse i regi av regionen.

Vidare vil eit meirforbruk på styrka , kunne dekkast av sjukelønsrefusjonen på spesialpedagogikk. 2012 har vore eit spesielt år i høve spes.ped då vi ikkje har hatt spesialpedagogar tilsett gjennom heile året.

Dette er og grunnen til at det ligg inn ei 30% stilling for spesialpedagog på PPT frå august –desember 2012.

Oppsummering for barnehagar:

Samla sett er det lagt til grunn ei innsparing på kr 400 000

Note nr 15 Aure skule

Eininga har prognostisert eit meirforbruk på kr 150 000

Einingsleiar har gitt slike kommentarar:

Etter gjennomgang av rekneskap, samt justering av budsjettetprognosen etter andre tertial, viser prognosen eit meirforbruk på **kr 96.270** ved årets slutt. Då er samtlege utgiftspostar skore inn til beinet. Også inntektspostane er justert. Ein del av budsjettpostane under forbruk er kanskje redusert meir enn det som realistisk er. Eg ser såleis ikkje bort frå at meirforbruket kan blir større. Det er først og fremst uventa stort kortidssjuefråver i første halvår som gjer at det går mot ein budsjettsprek.

Det er ikkje realistisk å gjennomføre tiltak ut over sparing, om ein skal oppretthalde eit forsvarleg tilbod til elevane.

Prognosen syner såleis det ligg an til eit rekneskap på **kr 10.916.270** per 31. desember. Budsjettet lyder på **kr 10.820.000**. Rekneskapet for 2011 var på **kr 12.913.247**.

I ein seinare notat har han retta beløpet til kr 150 000.

Note nr 16 Sørestranda skule

Eininga har prognostisert eit mindreforbruk på kr 458 000.

Note nr 17 Tandstad skule

Eininga har prognostisert eit meirforbruk på kr 75 000.

Einingsleiar har gitt slike kommentarar:

Ansvar 30300 Tandstad skule ordinær undervisning syner eit forventa meirforbruk på kr. 15 179 .

Ansvar 30301 Tandstad skule SFO syner eit forventa meirforbruk på kr. 59 103. Dette skuldast ein inntektssvikt når det gjeld foreldrebetaling på slutten av vårhalvåret. Eg greier ikkje å ta inn att denne svikten i løpet av hausten.

Note nr 18 Ullavik skule

Eininga har prognostisert eit meirforbruk på kr 749 000

Einingsleiar har gitt slike kommentarar:

Prognosene viser at vi ligg an til eit meirforbruk på løn på 612 000. Dette kan skuldast lønnsauke og store vikarkostnader, som vi skal gå inn og skjekke. Ut over dette klarer vi å halde rammene. Eg skal gjere mitt beste for å få budsjettet i balanse ved årets slutt.

Note nr 19 Velledalen skule

Eininga ligg an til eit meirforbruk på kr 218 000.

På våren vart budsjettet redusert og midlar overført til Felles for skulane. Ved årsslutt vil vi gå gjennom dette budsjettet på nytt.

Note 20 Vik skule

Eininga har prognostisert eit meirforbruk på kr 150 000.

Einingsleiar har gitt slike kommentarar:

Skule

Prognose	Budsjett	Avvik
7 644 757	7 545 400	- 99 357

Tildelte rammer er som nemnt i tidlegare rapportar ei stor utfordring sett i forhold til dei oppgåvene ein skal løyse. Eg veit ikkje om eg klarer å få rekneskapen i ballanse til nyttår.

SFO

Prognose	Budsjett	Avvik
94 682	44 300	- 50 382

Mindre brukargruppe dette skuleåret enn førre, gjer at eg har korrigert ned inntekt/foreldrebetalinga med 40 000 kr i forhold til budsjettet.

Oppsummering for barneskulane

Samla sett ligg det an til eit meirforbruk på kr 883 000

Note 21 Felles for skulane

Det er prognostisert eit forbruk lik det budsjetterte

Note 22 Ungdomsskulen og opplæringscenteret

Eininga har prognostisert eit meirforbruk på kr 310 000

Einingsleiar har levert slike kommentarar:

Ungdomsskulen har eit meirforbruk på kr. 309 000. Opplæringscenteret har eit mindreforbruk på ca 200 000,- Eininga vil då totalt ha eit meirforbruk på ca 100 000.

Det knyter seg usikkerhet til forbruket andre halvår pga auka elevtal / ekstra klasse samt innføring av valfag. Dette har innverknad både på løn og utgifter til læremateriell.

Note 23 Sykkylven bu- og aktivitetssenter

Eininga har prognostisert eit meirforbruk på kr 3 944 000

Einingsleiar har levert slike kommentarar:

	meir/mindre enn budsjettet ut året.
Fast Lønn	+ 572 655
Vikar	- 1.112.643
Ekstrahjelp	+ 860.711
Overtid	+ 591.713
Anna lønn	+ 208.374
Pensjon	+1.641.847 (NB!)
Arb.giveravgift	+ 602.195
Sum	<u>+ 3.730.932 (- 500 000 som er meir budsjett sone 3)</u> <u>+ 3.230.932,-</u>

Øvrige utgifter og inntekter utgjør et overforbruk på 714 000,-

Prognosen ut 2012 er på meirforbruk på 3.944.732 kroner

Buas kjøkken:

Store utfordringar på bemanningssida. Mindreforbruk på lønn er omtrent forbruket av vikarbyrå som har vært på kjøkken. Det er nå tilsett ny kokk i håp om stabilitet og mindre slitasje på kjøkkenpersonell. Inntektene til kjøkkenet er også mindre enn budsjettert. Det kan ha en samanheng med mindre utkjøring av mat til brukar som bor heime og at Buas har fleire korttidsopphold under 60 døgn.

Buas innstusjon:

Innstusjonsdelen av drifta på Buas har ei auke i fastlønn. Instusjonsdelen har hatt auke med inntil 5 ekstra pasientar. Dette som ein følgje av å kunne ta pasientar direkte frå sjukehuset for slik å unngå bøter. Ekstra personalbruk er registrert på ekstrahjelp og overtid.

Medisinar og medisinsk forbruksmateriell ligg omtrent til budsjettet. Når det gjeld inntekter ligg det ann til omlag 100 000 meir enn budsjettet, men dette er vanskelig og seie eksakt. Buas har hatt ein auke i pasientar som er inne på korttidsopphald dette gir mindre inntekter enn opphald over 60 døgn.

Sone 1:

Har hatt nokre institusjonsenger i år. Dette gir mindre husleigeinntekter. Årsaken er behov knytt til samhandlingsreforma og behovet for institusjonsenger.

Sone 2:

Har også brukt ei leilegheit til institusjon. Dette gjer tapte husleigeinntekter, men også fleire pasientar. Opplæring av nye pleiarar har det også vært som følgje av behov for fleire folk.

Sone 3:

Sone 3 manglar budsjettmidlar til ei stilling på 75 % som fagarbeider. Reduksjon i vikarlønnsutgiftene er omtrent auka i ekstrahjelp og overtid. Hatt mange i permisjon som no kommer tilbake og dette har ført til en del overtidsbruk da vi har mangla fagfolk.

Buas Natt:

På natt ligg det lønnsforskyving på fastlønn versus vikarlønn. Dette gjeld to tilsette. Dei skal ligge på fastlønn, men er registrert på vikar. Noko av vikarbyrålønn kjem frå natt.

Buas fellesadministrasjon:

Noko auke i fastlønnskostnadane. Kontorutstyr ligg på dobbelt av budsjettet forbruk. Opplæring og kurs blir størsteparten refundert av sentrale opplæringsmidlar.

Lisensar og avgifter – er auka i forbruk i høve budsjettet, men svarar omtrent til reduksjonen vi har på service og driftsavtalar.

På utstyr skal det tilbakeførast ein del frå gåvemedlar.

Vaskeritjenester – denne budsjettposten vart ikkje auka opp igjen etter at forslag om kutt i 2012 budsjettet ikkje vart gjennomført. Forbruket ligg på 2011 nivå.

Konsulentar (Vikarbyrå) ligg 366.080 over budsjett.

Inntektsida: ei husleige bak grunna endringane på faktureringa. Den vil bli tilbakeført i januar 2013. Det gjev meirinntekter som er medrekna.

Note 23 Heimeteneste distrikt

Einingsleiar har prognostisert eit meirforbruk på kr 130 000.

Einingsleiar har levert slike kommentarar:

Slik som situasjonen er no vil Heimetenestene Distrikt få eit meirforbruk på kr 130 134.

Dette meiner eg er innan for ramma til kva som er akseptabelt for denne eining.

Ikkje så lett å kunne forutsjå heilt nøyaktig i vår eining.

Note 24 Barne- og familietenestene

Her må det splittast i to:

Eining/deleining	Prognostisert meirforbruk
Barne- og familietenestene	418 000
Butenestene	2 887 000
Samla	3 305 000

Einingsleiar for Barne- og familietenestene har levert slike kommentarar:

Meirforbruket finn ein i hovudsak innan ansvar 40322 introduksjonsordning flyktningar. Årsaka er auke i talet på flyktningar i introduksjonsordning/auka mottak, og medfører samstundes auka statstilskot for 2012 i kommunen sine inntekter og vil dermed bli korrigert ved årsslutt.

Ser ein bort frå introduksjonsordninga, viser prognosen eit mindreforbruk ved barne- og familietenestene. Ein del av driftsutgiftene i barne- og familietenestene er lite forutsigbare, og resultatet kan sjølvstøtt gå begge vegar. Det er tatt høgde for noko meirutgifter i samband med psykisk helseteam si flytting til nye lokale, men likevel viser prognosen pr. 2. tertial eit **mindreforbruk på kr. 55 000**.

Det er i tidlegare rapportar nemnt føreståande utgifter i høve krav om oppgradering av fagprogramma til helsestasjonen og ppt. Ein har ikkje oversikt over kva meirutgifter dette vil innebere, men utgiftene vil mest truleg ikkje kome før på neste budsjettår.

Einingsleiar for Butenestene har levert slike kommentarar:

Då rekneskapan for år 2011 skulle avsluttast, hadde Butenestene ikkje ferdig oppsett for refusjonskrav særleg ressurskrevjande brukarar. I samforståing med eininga vart budsjettet tilskot inntektsført. Då endeleg refusjonskrav vart sett opp, syntet det seg at ein fekk kr 704 000 mindre enn inntektsført.

Denne summen er derfor utgiftsført i år.

Grunna at nyttilsett einingsleiar er svært bekymra over situasjonen er det no på gang eit arbeid for å få greidd ut årsaker og kva som ev. kan gjerast. Feilføringar som no vert retta, vil medføre at situasjonen vert betre enn prognostisert. Dette vil ein kome nærare attende til etter rapportering per september.

Note nr 25 Nav kommune

Det er prognostisert å halde budsjettet

Note nr 26 Samhandlingsreforma

Det er gjort ei første korrigering av å kto til vår fordel men mykje av året står att og for å vere trygg er forbruk prognostisert til lik budsjett.

Det har elles i samforståing med formannskapet nytta ressursar utan budsjettmessig dekning ved Buas med mål å få redusert betaling til Regionalt helseføretak. Vona er at desse kostnadene skal kunne dekkjast inn att ved innsparingar her.

Note nr 27 Kultureininga

Eininga har prognostisert eit meirforbruk på kr 98 000.

Einingsleiar har levert slike kommentarar:

Det er mindre drift- og tiltaksavvik på fleire underkapittel. Største avvik innan Kunstformidling vil gå i balanse med tilføring av spelemidlar frå Kulturista. Totalt sett så meiner vi at dette vil stort sett gå i balanse, viss det ikkje skjer uforutsette ting innan drift større anlegg.

Note nr 28 Teknisk driftseining

Eininga prognostiserer eit meirforbruk på kr 1 077 000

Einingsleiar har levert slike kommentarar:

Ansvar 60200 – Felles adm:

Ved oppretting av ny stilling som sakshandsamar, sjå NU 13.02.12 og FSK 20.02.12, vart det "innebygd" ein føresetnad om kostnadsdekning via gebyr og auka overføring frå SEas. Det som det syntest vere ei forståing for, var ei gjenoppretting av tilhøva frå før år 2008, jf. då KST i sak 31/08; 10.03.08; reduserte overføringa frå kr 584.000 til kr 200.000. Eg har derfor i mi prognose lagt til grunn at auken i lønsutgiftene vert dekt via auka overføring frå SEas.

Ansvar 60241 – Bygningar

Der er berekna å kome eit vesentleg meirforbruk på straum, ca 1,4 mill. Hovuddelen kjem av etterfakturering pga oppdaga feil ved straummålaren ved BUAS. Feilen vart oppdaga ved eitilsynet sin kontroll av energiverket sin eigen målar, og resulterte i ei etterfakturering for 3 år, straum og nettleige, ca kr 850.000. Mestdelen vert dekt innan ansvaret, men pr. i dag er prognosa eit overforbruk på ca kr 339.000.

Ansvar 60260 – Kommunale vegar:

Dei 1,9 mill til vedlikehald/materiell er alt brukt (jf. økonomirapporten, art 12310-12535). Alt vedlikehald som snøbrøyting mv. før årskifte vil derfor framstå som overforbruk. Vanskeleg å spå om eksv. snøfall, men anslår summen til kr 600.000. Nemner her at vinteropning av Fasteindalen var knytt til 1. halvår 2012, men ikkje «prøvd» pga. raset. Oppfattar intensjonen i kommunestyret sitt budsjettvedtak (des. 2011) slik at der skulle vere ein «prøveperiode» i år, og den må då no vert i haustesongen 2012. Dersom der pga. økonomi (meirforbruket) skulle kome andre signal, ber eg om tilbakemelding. Nokre utgifter kan sjølsagt unngåast om ein går tilbake til dei siste åra sin praksis om ikkje å vinterbrøyte Fasteindalen. Men dette meiner eg no er eit politisk spørsmål.

Note 29 Kommuneleiinga

Prognosen går ut på at budsjettet held

Note 30 Fellestenestene

Eininga har prognostisert eit meirforbruk på kr 401 000.

Einingsleiar har levert slike kommentarar:

Ansvar 71015 – IKT vil truleg gå ut med ein sprekk på mellom kr 550 000 og 600 000. Det er tre hovudårsaker til dette.

1. Vi har i 2012 gradvis gått over frå breiband til fiber på ein del tenestestadar. Det har vore vanskeleg å estimere kostnad på arbeid ved lokasjonane for å få dette på plass. Månadleg driftsutgift til breiband går ut, men det har kome inn månadleg kostnad på overvåking av fiber.

Ein såg føre seg at utbyggingskostnad med fiber skulle bli dekt av innsparte driftsutgifter på breiband. Driftsutgiftene til lokasjonar med fiber har blitt redusert, men dette gjer seg først utslag i 2013. Det var elles svært viktig og heilt nødvendig for enkelte av våre lokasjonar å få på plass fiber. Det gir auka kapasitet, betre kvalitet og nye muligheter innan teknologi, noko mange programvare vi køyrer krevjer. Det er dei «store» lokasjonane, som rådhus, nokre skular, buas, barn/fam. , kulturhus som har fått fiber. Vi har elles mange små tenestestader som vi fortsatt må betale breibandkostnad til.

2. Dei månadlege driftsutgiftene til IKT har gradvis auka i 2011-2012. Årsaka til dette er at vi har gått bort frå å eige servere til å lease kapasitet.

3. Nytt økonomi og HRM system er inne i sitt første driftsår. Vi er heilt avhengig av nødvendig tilgang også på nokre gamle system i ein overgangsfasen.

Vurdering

Grunna at lønnsoppgjeret kom svært seint i år (streik i kommunesektoren) er ny lønn med etterbetaling frå 6. juni først lagt inn i lønssystemet i oktober. Denne belastninga er dermed ikkje med i rapport per august.

Einingane har ved hjelp av budsjetteringssystemet Arena fått oversikt over lønnskostnad resten av året, og har kunna ta dette med i prognosane sine.

Per dato har vi ikkje kunna fått ut rapport som syner konsekvensen av lønnsoppgjeret for den einskilde eining. Dette seier vi oss lei for.

Konsekvensen for kommunen totalt sett, har vi konsekvensen for:

DRIFTSEININGANE SAMLA	KR
Meirutgifter/mindreinntekter/lønnsoppgjer	9 651 018
Lønnsoppgjeret per 6. juni	-4 438 900
Meirutgifter/mindreinntekter	5 212 118

Det er då halde att om lag 2 mill kroner til lokale lønnsforhandlingar utetter hausten (Pottforhandlingar).

Dette er i hovudsak dekkja slik:

DRIFTSEININGANE SAMLA	DELSUM	HOVUDSUM
Meirutgifter/mindreinntekter		5 212 118
Meirringan skatt og ramme	296 513	
Meir utbytte enn budsjettert frå SE AS	2 070 000	
Reserverte løyvingar kommunestyret	2 749 400	-5 115 913
Restsum		96 205

Sett i høve til storleiken på budsjettet må eit prognostisert meirforbruk/mindreinntekt på kr 232 205 kunne seiast å vere «i samsvar med budsjett» Ein vil likevel syne til det som vert peika på nedanfor under «Økonomiske konsekvensar»

Samanlikning av prognosar

(Positive summar meirinntekt/mindreutgift – Negative summar mindreinntekt/meirutgift):

EINING	PROGNOSE ETTER 2. TERTIAL	PROGNOSE ETTER 1. TERTIAL
Kommunestyre	-38 000	0
Finansiering	9 258 300	0
Vikedalen barnehage	80 000	- 100 000
Vik barnehage	399 000	400 000
Tandstad barnehage	-49 488	-32 000
Blakstad barnehage	0	0
Ullavik barnehage	-180 000	-25 000
Private barnehagar	0	-400 000
Fellesadm barnehage	150 000	0
<i>Sum for barnehagar</i>	<i>399 512</i>	<i>-157 000</i>
Aure skule	-150 270	0
Sørestranda skule	457 819	0
Tandstad skule	-74 282	0
Ullavik skule	-748 910	-157 000
Velledalen skule	-218 000	0
Vik skule	-149 739	0

EINING	PROGNOSE ETTER 2. TERTIAL	PROGNOSE ETTER 1. TERTIAL
Felles for skulane	0	0
Ungdomsskule/Vaksenoppl	-883 382	0
<i>Sum for grunnskulen</i>	<i>-1 193 241</i>	<i>-157 000</i>
Buas	-3 943 732	-2 000 000
Heimeteneste distrikt	-130 134	0
Barne- og familieteneste	-3 305 223	0
NAV kommune	0	444 933
Samhandlingsreforma	0	0
<i>Sum for helse og sosial</i>	<i>-7 379 089</i>	<i>-1 555 067</i>
Kultur og kyrkjelege føremål	-98 000	0
Næring	0	0
Teknisk driftseining	1 077 200	-600 000
Kommuneleiling	0	0
Fellestenestene	-401 000	0
<i>Sum for kommunen</i>	<i>-232 205</i>	<i>-469 067</i>

Økonomiske konsekvensar

Det er nokre store usikre faktorar:

- Pensjonsoppgjer/premieavvik
- Refusjon for særleg ressurskrevjande brukarar
- Utviklinga i finansielle instrument

Viss ein eller fleire av desse får ulik utvikling, vil dei delvis kunne motverke kvarandre.

Slær dei alle ut i negativ retning, vil resultatet for kommunen kunne verte mykje dårlegare enn prognostisert her.

Ole-Johan Lillestøl
rådmann

Arild Bergström
økonomsjef

Vedlegg:

1 Budsjett- og rekneskapsskjema 1A og 1B